

Nordfjord Golfklubb

Årsmelding for sesongen 2017

Årsmøte 01.02.2018

Styret i 2017

- Leiar: Kent Tryggestad
- Nestleiar: Brit Lien
- Sekretær: Arild Hjelmeland
- Kasserar: Helge Haugland
- Styremedlem: Tore Henning Naustdal
- Styremedlem: Frode Nord
- Vara: Agnar Kvalsund

- Grunneigar: Svein Fjørtoft
- Grunneigar: Stephan ter Stege

Styremøte 2017:

Styret har gjennomført 3 styremøte i 2017. Styret har fungert godt og har utført mykje godt arbeid gjennom året, der noko er synleg, mens anna er mindre synleg. Det vært vist til årsmelding frå styreleiar og dei forskjellege leiarar for komitear.

Styreleiar har ordet.

Då er sesongen 2017 over og vi ser fram mot nye flotte golfopplevingar i 2018.

Framleis klarer vi å halde bana i kjempebra stand, og medlemstalet er relativt stabilt. Men det er bekymringsfullt få som er aktive. Ser av HC årsreguleringa at veldig mange har berre 1-3 rundar gjennom året.

Det må framleis være målet vårt å jobbe for å få fleire ut på bana vår!

I 2017 var vi for første gang representert på Golftinget, då det kom opp ei viktig sak om greenfee overenskomsten mellom klubbane. Heldigvis vart det klart fleirtal for å vidareføre dagens ordning der alle kan komme til å spele hos klubbar over heile landet.

Vi har også komt til einigheit med Svein om å kjøpe ut garasjen, og dette er no på plass. Vi ser fram til å komme i orden i eige klubbhus med kontor og dei fasilitetar vi treng. Vi har søkt spelemidlar for kjøpet og oppussing av garasjen. Vi håper å kome i gang med arbeidet på garasjen i løpet av våren.

Håper mange stiller på dugnad her slik at vi får rusta dette opp, og ikkje minst får langt betre plass til maskiner og utstyr.

Med dette ønsker eg alle lykke til med sesongen 2018, og velkommen til Stokkenes Golfpark.

Kent Tryggestad

Styreleiar

Marknadsarbeid:

Marknadsarbeidet har vore ivareteke i styret sitt arbeid. Arbeidet med å skaffe sponsorar har i året 2017 gjeve godt resultat. Dette arbeidet burde vært eiga gruppe og styret ser at her kunne vært utført mykje meir – både for å hente sponsorar og prosjekt samt handtere og følgje opp sponsorane gjennom året.

- Styret viser til www.norgolf.com for oversikt av samarbeidspartnerar.

Styret i NGK

Banekomitéen

Vil først få rette ein stor takk til Finn som utsatte kroppen sin for stor belastning ved å renske heile kanalen vår + mykje anna arbeid i løpet av året. Ein fantastisk innsats.

Og sjølvstort stor takk til alle oss andre som bidrog på dugnad, var i klippeteam og som holdt vedlikehald på maskinene.

Dugnadsinnsatsen på klipping av bana har fungert veldig godt og vi har hatt ei bane vi kan vere veldig stolte av. Vi har fått mykje skryt frå mange golfarar frå heile landet.

Vi fekk ein litt dårleg start på dugnadsåret då traktoren svikta så vi blei litt forsinka med diverse arbeid. Det blei 3 dugnadar før sesongen som då berre besto i å klargjere bana for spel.

Ifølge slopen skulle vi lage ein tvungen dogleg på hol 2 noko Per tok seg av i løpet av vinteren. Fekk opna opp venstre side av fairway 2.

Andre ting som skulle gjerast før sesongen var å sette opp eit nett på hol 1 som hindra ballar i å treffe dei nye husa som er bygd. Det fekk vi ikkje tid til.

Det å få laga skikkeleg til øvingsgreenen blei det heller ikkje tid til.

Så tilbake til kanalen: vi hadde eit prøveprosjekt der vi kledde den med takduk som vi fekk av Skårhaug Taktekk. Mange hadde meiningar om dette og det enda med eit styrevedtak som seier vi skal sprøyte kanalen og ikkje legge duk. Vi fekk nye pumper som skulle pumpe vatn i kanalen men dei varte ikkje så lenge. Her har vi fått ei ny til 2018 sesongen som skal fungere.

PLAN FOR 2018:

1. Få opp netting på hol 1
2. Øvingsgreenen må fikstast
3. Det skal ryddast skikkeleg inne i garasjen og området rundt før sesongstart.
4. Få lagt ut resten av kunstgraset i bakken på Driving rangen.
5. Sjå om vi kan fikse dei våte områda ved green 4 og 6.
6. Div. arbeid som gjer bana finare som maling av bruer, rensking av busker mm

For å få dette til krevst det mykje dugnadsinnsats så vi får berre sjå kva vi klarer.

Leiar for banekomiteen

Tore Naustdal

Sport- og rekrutteringskomiteén

Aktivitetar 2017

Sommarslaget:

Kvar måndag frå 24.april-4.september. Antal deltakarar har variert mykje. Ei kjerne på ca.10 spelarar har vore med mange gonger. Vinnarar på poeng Jan Skogstad 64 p, og på slag Thomas Storøy 101 totalt.

Skramlebytta: 07.05.17 Thomas Storøy, Finn Haugland og Arnstein Bjørkedal vant. 56 slag. Vi var 4 lag a 4stk.

Flaggkonkurransen: 18.05.17 Vinnar her vart Tore Henning Naustdal

Konkurransen mot Sandane 8. spelarar kvart lag. Vi møttest 2 gonger. På Sandane vart vi slegne klart, og på heimebane vart det jamnare. Sandane vant konkurransen totalt.

Ferieturnering: 09.07.17 Vinnar dame frå Fana Golfklubb

Klubbmeisterskap: 27.08.17. Klubbmeister Thomas Storøy 71 slag

Fylkesmeisterskap: 34 deltakar Thomas 2.plass voksen, og Tore 1.plass senior

Maurstad Open/ NordVestTour: Vårt største arrangement. Vi stilte med 1 junior Marcus Hjelmeland, 3. plass på poeng. Thomas Storøy 3.plass på slag og 2.plass på poeng. Tore Naustdal 1.plass senior slag 72, og 2.plass på poeng. Totalt deltok vi med 11 spelarar.

Sportskomiteen saman med Britt, Per Bergheim, Marcus Hjelmeland og Tøger stod for arrangement på Fylkesmeisterskap og Maurstad Open.

Nattgolf: 23.10.17 Vinnar Dagfinn Gjerde. 37 slag 14 deltakarar.

Vi fekk til samarbeid med Sandane. Dette skal utviklast i 2018.

Ungdomsskolen hadde 1 aktivitetsdag me ca. 40stk.

Eid vidaregåande skule hadde 1 aktivitetsdag med ca. 35 deltakarar.

Vi har hatt 6 møter i sportsleg utval. Førebuing til møter med Sandane og turneringar. Møter til planlegging av sesongaktivitetar.

Vi deltok på samling i Operahuset. Samlinga var for ulike frivillige lag aktivitetar, regi av Eid kommune.

Bjørn og Agnar har tatt kurs som VTG instruktørar i regi av Noregs Golf forbund.

Det vart satsa på nettet som marknadsføring, og dei har holdt kurs for dei som tok kontakt.

3 stk har gjennomført kurset, alle frå Bryggja. Desse har meldt seg inn.

Det har vore for lite ny rekruttering til klubben. Det er for få av deltakarane på kursa og aktivitetane våre, som startar med å spele golf.

Vi har for få damer, juniorar og vaksne (opp til 50) Det er flest seniorspelarar (over 50 som er aktive).

Det vert laga nye planar og aktivitetar for å auke rekrutteringa i 2018.

Vi vil kurse 3-4 personar i bruk av Golfbox. Dette for å få ryddigare oversikt over turneringar og bruk av bana vår. Det er innført system for betaling med Vipps.

Medlemsoversikt pr. januar 2018:

- Damer – 45 (50 i 2017) – herav 1 under 19 år
- Menn – 135 (159 i 2017) – herav 5 under 19 år

Det vil seie totalt 180 (209 i 2017) medlemmar

Valnemnda:

Valnemnda viser til årsmelding over og sluttar seg til det som er nemnd, samtidig som valnemnda vil gje sin honnør til alle som har arbeidd for klubben dette året. Valnemnda er imponert over kva som er utført på dugnad. Nemnda vil også takke for den velvilje det er til å stille opp for styre og komitéarbeid.

Lykke til med 2018 sesongen!

Bjørn Lien, leiar

Kent Tryggestad, leiar Nordfjord Golfklubb


